



postmottak@nfd.dep.no

Deres ref.: 18/1505-1

Vår ref.: 18/07265

Dato: 10. april 2018

Svar på høyring av utkast til forskrift om tildeling av nye løyve til akvakultur med matfisk i sjø av laks, aure og regnbogeaure

Utkastet til denne forskrifta kjem som eit ledd i det nye systemet for kapasitetsjusteringar i norsk lakse- og aureoppdrett og gjeld utdeling av nye løyve. Grensene for produksjonsområda vart lagt i FOR-2017- 01-16-61, medan den miljømessige statusen vart fastsett i FOR-2017-12-20-2397. Både i desse to forskriftene og i utkastet til forskrift om tildeling av nye løyve seier formålsparagrafen at: *forskriften skal fremme akvakulturnæringens lønnsomhet og konkurransekraft innenfor rammene av en miljømessig bærekraftig utvikling og bidra til verdiskaping på kysten.*

Kommentarar til § 1

Veterinærinstituttet meiner at det er ein samanheng mellom lønsemd, dyrehelse og -velferd. Veterinærinstituttet hadde og i høyringssvaret til utkast til FOR-2017-12-20-2397 kommentarar til at det ikkje tas omsyn til fiskevelferden ved kapasitetsvekst. Dødelegheit er ikkje eit godt mål for velferd, men det er dei tala vi har og der vi kan gjere samanlikningar.

I media har det vore stor negativ merksemd kring den store dødelegheita i lakseproduksjonen. Ein stor del av denne dødelegheita heng saman med bruken ikkje-medikamentelle avlusingsmetodar som er naudsynt for å oppnå dei låge lusetala som er eit krav i dei grønne produksjonsområda.

I dag vil i mange høve talet på avlusingar auke dess lengre tid fisken står i sjøen. Høg dødeligheit ved avlusing av fisk nær slaktestørrelse, kan skuldast at fisken ikkje har fått tid til restitusjon mellom kvar avlusing. Her er det ein samanheng mellom redusert velferd og store produksjonstap.

På bakgrunn av dette foreslår Veterinærinstituttet ei endring i § 1:

§ 1. Formål

Forskriften skal fremme akvakulturnæringens lønnsomhet og konkurransekraft innenfor rammene av en miljømessig bærekraftig utvikling og bidra til verdiskaping på kysten *samtidig som en skal sikre god fiskehelse og -velferd.*

I rapporten frå Havforskningsinstituttet, *Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2018 kap. 9*, går det fram at det samla har skjedd ei endring i dødelegheitsmønsteret dei siste åra. Oppdrettarane har lykkast med meir enn

ei halvering av dødelegheita i den første månaden etter sjøsetting medan det frå den 8. produksjonsmånaden har skjedd ein auke i dødeligheita frå 2013 og utover.

Auken i dødelegheit fram mot slakting gir store tap for oppdrettarane. Mykje av denne dødelegheita skjer ved avlusing. Dette er ikkje i tråd med formålsparagrafen om å betre akvakulturnæringa si lønsemd og bærekraft ved tildeling av nye løyve. Veterinærinstituttet er kjent med at kravet om godkjende lokaliteter kjem i tillegg til sjølve løyvet om produksjon.


Øvrige paragrafer i utkastet til forskrift

Veterinærinstituttet har ikkje kommentarer til de øvrige paragrafane i forskriftsutkastet.

Med hilsen



Halvor Hektoen
kons. Avdelingsdirektør
avdeling fiskehelse



Brit Tørud
fiskehelseansvarlig
seksjon for fiskehelse og biosikkerhet